

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Det skal ikkje vera nokon tvil om at Vestland fylkeskommune skal sitja i førarsetet for utviklinga av heile Vestlandet som nasjonalt tyngdepunkt og utvikling av ein attraktiv landsdel.

Fylkesordførar i Rogaland er tydeleg på at dei ikkje er klar for ein ny runde med samanslåing, noko fylket også tidlegare har sagt nei til. Det må me respektera. Eventuelle drøftingar om strukturane i framtida bør skje på grunnlag av folkevald ønskje om deltaking i ein stor vestlandsregion.

Eg merkar meg at fleirtalet av partia meiner at det ikkje tida for nye rundar med samanslåing og strukturendringar no. Organisasjonen vår treng arbeidsro for å byggja Vestland fylke, og sikra at me lukkast i å etablera eit fylke som ivaretak og utviklar tenester til det beste for alle innbyggjarane våre.

Eit sentralt punkt i samanslåingsdrøftingane med fylka på Vestlandet var å gje landsdelen større maktpolitisk tyngd. Erfaringa frå noverande Regionreform viser at oppgåver og finansiering må vera avklarte før nye strukturprosessar.

Vestlandsrådet er etablert som eit knutepunkt for Vestland, Rogaland og Møre og Romsdal, og vert no restarta i ny form. Denne moglegheita til å leggja tyngd i denne møtestaden for samarbeid om utvikling av landsdelen, om felles utfordringar og felles prosjekt må me gripa. Dette er også eit naturleg fora for å drøfta maktfordeling mellom statsmakt og Vestlandet.

Ved at me er offensive og lukkast med Vestland fylkeskommune, legg me det beste grunnlaget for vekst og utvikling i landsdelen.